

Oppdragsgjevar: Ullensvang kommune
Oppdragsnamn: Lindenes Byggetrinn 1 Detaljprosjekt
Oppdragsnummer: 629880-08
Utarbeida av: Tor Andersson
Oppdragsleiar: Cathrine Lyche
Dato: 14.03.2022
Tilgjenge: Åpent

Notat VA rammeplan

Samandrag

Ullensvang kommune planlegg oppgradering av Lindenes miljøstasjon, gards nummer 64, bruks nummer 9 med fleire. Plan ID 46182020007.

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for utvikling av eit framtidretta gjenvinningsanlegg med tilhøyrande føremål på Lindenes i Ullensvang kommune. Planen skal ivareta både kommunal og privat verksemd som er lokalisert innanfor planområdet.

Denne VA-rammeplan skal vise prinsipløysningar for vann, avløp og overvatn på området.

VA-rammeplanen skal følgje reguleringsplanen og leggjast til grunn for vidare detaljprosjektering.

Det vert vist til rapporten "Utbygging Lindenes miljøstasjon - byggetrinn 1. Revidert forprosjekt høsten 2021", datert 01.11.2021. Anlegget er detaljprosjekttert vinteren 2022.

Versjonslogg:

01	14.03.22	Nytt dokument	TA	HMS
VER.	DATO	BESKRIVING	AV	KS

1. Eksisterande situasjon

1.1. Vassforsyning og brannvatn

Vassforsyning til anlegget kjem frå Tyssedal vassverk via ein 63 mm. PE 100 kommunal sjøleidning med avgrensa kapasitet. Dette gjer at det ikkje er brannhydrantar eller brannventilar inne på området. I verkstadbygget er det brannslange som får forsyning frå denne leidningen. I tillegg får Vekt-bygget og Lindum-bygget vassforsyning frå denne leidningen.

Vassforsyning til Lindum sitt område i sør er via ein Ø50 mm PE sjøleidning som er tilkoppa den kommunale Ø63 mm sjøleidningen i fjorden. Lindum bruker vatn til spyling av bilar, og har eit utvendig tappepunkt sør på området via ein 50 mm Isoterm-leidning med varmekabel.

1.2. Spillvatn

Spillvatn frå kjellar i Lindum-bygget vert pumpa opp til spillvasskum ved Lindumbygget. Spillvatn frå øvre etasje i Lindumbygget og Vektbygget går ved sjølvfall inn på den felles leidningen. Spillvatnet går vidare ved sjølvfall gjennom verkstadbygget ned til ein 3 m³ slamavskiljar nordvest for verkstadbygget. Herifrå går det ein Ø 160 mm. leidning ut i Sørfjorden. Utslippsdjupna er ukjend.

Frå Lindum-området i sør er det ein eigen slamavskiljar med utsleppsleidning, men systemet vert ikkje tilført spillvatn i dag.

Kommunen hadde tidlegare løyve med heimel i forureiningslova for Lindenes miljøstasjon frå 1996 frå Fylkesmannen i Hordaland (no Statsforvaltaren i Vestland). Det var utdatert, og kommunen spurde difor i 2010 Fylkesmannen om å trekke løyvet tilbake. I ca. 2012 vart det gjort, men det vart ikkje gitt noko nytt løyve.

Det er ikkje er søkt om eller det føreligg ikkje eigen utsleppsløyve for sanitærvløpsvann på Lindenes. Dette må det søkas om no. Ullensvang kommune er forureiningsmynde, og søknad om utslepp av sanitærvløpsvatn må sendes dit.

1.3. Overvatn

Det er nokon overvass-slukar på området, hovudsakleg på austsida av verkstadbygg. Desse samlast i røyr som går gjennom verkstadbygg, og sluk inne i bygg er knytt til denne leidningen. Det er ein eksisterande oljeutskiljar, men berre delar av verkstadbygget er tilkopl. Oljeutskiljaren er underdimensjonert, og den har ikkje prøveikum.

På vestsida av verkstadbygg samlast overvassleidningar og går ut i sjøen via ein Ø 200 PE-leidning som ligg i saman med spillvassleidningen som går ut i sjøen.

Noko overvatn renn oppå asfalten og rennar ut for kant og ned i skråning mot sjøen. Dette kan føre til noko utvasking av ureining frå fylling, men største utvaskingsfare vil verte med tidevassfluktasjon i strandsona.

Det vil ikkje å vere fare for flaum i området.

Cirka 150 meter nord for planområdet renn elva Sleveåna ut i fjorden, denne er også utløp frå kraftverk inne i fjellet. Ein eventuell flaum i Sleveåna vil ikkje påverka dette planområde.

For anna beskriving av overvatn vises til notat datert 18.01.2022

Frå Lindum-området i sør er det oppsamling av overvatn frå oppstillingsplass for konteinrarar som vert ført i utslepp til sjø. Det er ein spyleplass på området men ingen oljeutskiljar.

2. Planlagd situasjon

2.1. Vassforsyning og brannvatn

Vassforsyning til området kjem frå Tyssedal via eksisterande 63 mm. PE 100 leidning. På Lindenes vert det planlagd eit nytt høgdebasseng på austsida av riksvegen, Tyssedalsvegen. Bassenget planleggast nedgrave og vil ha eit totalt volum på 160 m³. I tilknytning til bassenget vert det etablert eit kombinert ventilkammer og trykkaukeestasjon med pumper som vil pumpe vatnet ut på forsyningsnettet på Lindenes. Dette vil gje ein kapasitet på brannvatn på 40 l/s i ein time i tillegg til sanitærvatn.

Brannvassmengda er avklart mot Odda brann og redning under føresetnad av at det er akseptabelt vasstrykk i brannkummar/hydrantar og innvendig i slangetromlar for

eigeninnsats. Det er vidare ein føresetnad at det vert installert eit heildekkande brannalarmanlegg i renovasjonsanlegget med overføring til 110 sentral.

Det er vald å grave ned basseng og ventilkammer for å beskytte dette mot skred.

Frå basseng planleggjast det ein Ø 225 mm. PE 100 vassleidning ned til miljøstasjonen. Denne kryssar riksvegen i borehol og endar opp ned på nordsida av verkstadbygg. Her monterast ein ventilkum med brannventil. Frå denne kummen førast vassleidning vidare fram til ny ventilkum ved Lindum-bygg. Her vil det også monterast brannventil. Frå denne kum får Lindum-bygg og nytt administrasjonsbygg si vassforsyning.

I tillegg til 2 stykk brannventilar i kummar vil det verte 2 brannhydrantar i planområdet. Den eine skal monterast ved porten inn til området, den andre lengst i sør. Plassering av hydrantar og brannkummar er avklart med Odda brann og redning.

Alt forbruksvatn skal gå via basseng slik at ein får utskifting av vatn i basseng. Det vil og verte mogeleg å ta vatn i omløp direkte frå Ø 63 vassleidning dersom det utførast vedlikehald i basseng eller tilhøyrande ventilkammer/pumpehus.

Lindum-området i sør:

Lindum-området i sør får vassforsyning frå sjøleidning tilkopla kommunal leidning før bassenget. Denne sjøleidningen vert tilrådd å utfasast og vassforsyninga takast frå vassleidningane som vert etablert inne på Miljøstasjonen. Dette fordi kommunal sjøleidning frå Tyssedal har avgrensa kapasitet og det er trong for å føre alt vatn frå Tyssedal til bassenget. Det er og positivt med eit auka uttak som gjev betre vassutskifting i bassenget.

Det er i VA-rammeplanen forslått ei plassering av ein brannkum inne på Lindum sitt område. Det er planlagt Ø180 mm PE-leidning frå HY2 på Miljøstasjonen til brannkummen på Lindum-området. Lindum må gjere ei risikovurdering over kva dei bruker / planlegg å bruke arealet til, og avklare trong for sløkkevatn ut i frå det. Endeleg plassering av brannkum evt. hydrant bør gjerast i samråde med Odda brann og redning. Kapasitet frå det kommunale anlegget er 40 l/s, og dette må takast ut i minst 2 uttak.

2.2. Avlaup

Eksisterande avlaupssystem vil i stor grad bli beholdt. Nytt administrasjonsbygg vil bli tilknytt eksisterande avlaupssystem vest for verkstadbygg. Her vil det og monterast ein ny slamavskiljar på 8 m³, då eksisterande er for liten. Frå slamavskiljar vil eksisterande utsleppsleidning til Sørfjorden nyttast.

Det vil ikkje vere naudsynt med ny utseppsgodkjenning då eksisterande utsepp nyttast. Lindum har ikkje planlagd noko utsepp av spillvatn frå området i sør.

2.3. Overvatn

Det visast til notat av 18.01.2022 om overvatn, utarbeida i samband med revidert forprosjekt for Lindenenes miljøstasjon.

I samband med overvasshandtering vil det monterast nye sandfang i lågpunkt på området, og det vil bli nye kummer for taknedløp frå nytt administrasjonsbygg. Langs asfaltkant mot vest mot sjø etablerast ein asfaltløse for å hindre overvatn å renne ut forbi asfaltkant og ned i skråning mot sjø. Hensikten med dette er å hindre utvasking av eksisterande ureining i grunnen.

Det vert planlagd ein ny bilvaskeplass på sydvestsida av verkstadbygg, og ein bilvaskeplass inne i verkstadbygg. Dette gjer at det er naudsynt med ein oljeutskiljar og denne er plassert like vest for verkstadbygget. Oljeutskiljaren må vere av klasse 1 oljeutskiljar i samsvar til NS-EN 848-1. Dimensjonerande kapasitet er 15 l/s.

Lindumområdet i sør planlagd anlegg:

Det skal etablerast ny vaskeplass på dette området. I samband med det skal det etablerast ein oljeutskiljar, klasse 1 i samsvar til NS-EN 848-1. Derifrå nyttast dagens overvassleidning.

Lengst sør på området er det også eit overvatnsystem, og dette har utløp til sjø. Dette vil fortsatt bestå.

Vedlegg: Tegning nummer HB001